

Sogndal kommune

Reguleringsplan

Reguleringsføresegner for rv. 13 Fosshagen bru

Statens vegvesen
24.11.2020.



SOGNDAL KOMMUNE

Reguleringsføresegner for:

Rv.13 Fosshagen bru

Plan-id. 46402020001

§ 1 GENERELT

Formålet med denne planen er å avklare plassering og utforming av vegtiltak.

Plangrensene er vist på plankarta. Reguleringsføresegnene gjeld for dei områda som ligg innafor plangrensene.

Kartprojeksjonen er EUREF89 UTM sone 32.

Planen sine reguleringsføresegner kjem i tillegg til plan- og bygningslova. Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, når særlege grunnar ligg føre, gjerast av kommunen sitt faste utval for plansaker.

Området er regulert til fylgjande formål:

1.1 Bebyggelse og anlegg (PBL §12-5, nr. 1)

Boligbebyggelse-frittliggende BFS småhusbebyggelse. Maks utnyttingsgrad er 30% av BYA.

1.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5, nr 2)

SKV-Køyreveg, offentlig

SVG-Annan veggrunn - grøntareal

Annan veggrunn er areal til murar, grøfter og skråningar. Skråningane skal utformast med god tilpassing til sideterrenget.

1.2 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (PBL §12-5, nr 5)

LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk, reindrift og gårdstilknytt næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.

1.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL §12-5, nr 6)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

1.3 Omsynssoner (PBL §12-6)

- H140 Frisikt
- H320 Flaumsone
- H730 Bandlegging etter lov om kulturminner

1.4 Bestemmelsesområde (PBL §12-7)

Mellombels bygge- og anleggsområde

Vertikalnivå

Planen har to vertikalnivå: "på bakken" og «over bakken».

§ 2 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 Byggegrenser

Der byggegrensa mot veg ikkje er vist, gjeld reglane i veglova. Der byggegrense mellom byggeområde ikkje er vist, gjeld reglane i plan- og bygningslova.

§ 2.2 Kulturminne

Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka og er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andre ledd.7.5

§ 2.3 Støy

Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for arealbruk i støyutsette områder (jf. rundskriv T-1442) skal leggest til grunn for gjennomføringa av reguleringsplanen.

§ 2.4 Fri sikt

Alle kryss og avkjørslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, Veg og gateutforming (Vegdirektoratet). Leikanger kommune og Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

§ 2.5 Landskap og estetikk

Under anleggsperioden bør det unngåast unødige terrenginngrep. Der terrenginngrep ikkje kan unngåast skal terreng og vegetasjon reetablerast. Terrengforming og landskapstilpassing skal skje etter vegvesenet sine handbøker. Terreng skal ha ein naturleg overgang til eksisterande urørt terreng. Når vegetasjonen har etablert seg, skal overgangen ikkje vere synleg. Toppmassane skal leggest i rankar under anleggsperioden og gjenbrukast ved reetablering av vegetasjon. Verdifull vegetasjon skal så langt det er mogleg takast vare på.

§ 2.6 Framande artar

Ved bygging skal framande artar takast hand om slik at krav i den tid gjeldande handlingsplan og forskrift vert ivareteke. Før byggestart skal eventuelle førekomstar registrerast på nytt og takast hand om slik at krav i den tid gjeldande handlingsplan og forskrift vert ivareteke.

§ 2.6 Matjord

Matjord som vert fjerna, skal primært sikrast etterbruk til jordbruksføresmål.

§ 2.7 Ferdigstilling



Tilstelling og planting av anlegget skal vere ferdig seinast vårsesongen etter at veganlegget opnar.

§ 3 PLANKRAV

§ 3.1 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) frå start av prosjekteringsfasen. Område som ikkje skal rørast skal markerast i terrenget.

§ 3.2 Plan for Ytre Miljø (YM-plan)

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) frå start av prosjekteringsfasen.

YM-plan skal vidareføre dei krava og avbøtande tiltaka som er omtala i planen og summert opp i kapittel om føringar for YM-plan. Miljøutfordringane som blir avdekka blir ført vidare til utførande og kontrollerande i gjennomføringsfasen.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Køyreveg

Føremålet omfattar offentlege køyrevegar rv.13, felles køyrevegar og privat avkøyrsløse etter teikning.

§ 4.3 Annan veggrunn – grøntareal

Annan veggrunn grøntareal, er offentleg veggrunn som sikrar dei offentlege vegane. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter.

Terrenginngrepa i samband med veganlegget skal utførast slik at minst mogeleg skade vert gjort på sideareala. Tilpassinga til eksisterande terreng skal gjerast med gode overgangar og god utforming både for fyllingar og skjeringar. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsvegar og mellombels deponi.

§ 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØRMÅL OG REINDRIFT

Område regulert til landbruk, natur og friluftsliv sikrar dagens bruk av områda. Området kan nyttast til mellombels riggområde, men matjorda skal takast vare på og tilbakeførast.

§ 7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

Område regulert til vassdrag

§ 8 OMSYNSSONER

§ 8.1 Sikringsone (pbl. § 11.8 a) - Frisiktsone H140

I området mellom frisiktslinene og køyrevegen (frisiktsona) skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Kommunen og regionvegsejfen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

§ 8.2 Flaumfare/springflo H320

Det tillatst ikkje ny etablering av bebyggelse lågare enn nivå for 200 års flaum med mindre det fyrst utførast tiltak som sikrar ny bebyggelse mot flaum i tråd med krava i TEK 17.

§ 9 Bestemmelsesområde

§ 9.1 Mellombels anleggsområde

9.1.1 Området kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet. Etter avslutta anlegg opphøyrer mellombels reguleringsføremål og arealet går over til føremål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i den stand det var, innan eit år etter at anlegget er ferdig.

9.1.2 Eksisterande vegetasjonsdekke med frøbankjord (dvs. stadlege toppmassar) skal takast av og leggast til side i låge ranker (maks 3 m). Desse skal nyttast som topplag på grøfteareal og evt. andre areal nærast vegen, og legges til rette for naturleg revegetering/gjenvekst. Undergrunnsjord og toppmassar skal lagrast kvar for seg. Ved toppmassemangel er det betre med eit tynt lag, rundt 10 cm, enn nokre tjukke flekkar. Toppmassar skal leggast laust på og skal ikkje komprimerast eller glattast. Undergrunnsmassar må ikkje vere for grove slik at jorda vert vaska ut.

§ 9.2 Bandlegging av kulturminne H730

Gravrøysa skal sikrast med gjerder i anleggsperioden. Det er ikkje tillatt å gjere inngrep i kulturminnet jamfør lov om kulturminner.